

| | |
|--------------------------------------|---------------|
| REGISTRERT I STIFTELSESREGISTERET | |
| SAKSNR. 16/00926 | DOK NR. 11 |
| 20 JAN 2017 | |
| ORG NR. 877 220 982 | ARM |

VEDTEKTER
Stiftelsen Eldrebustadane i Møvik endrast til:

Stiftelsen hjelp til vanskeligstilte

§1. FØREMÅL

Stiftelsen har som føremål å yta økonomisk støtte til eldre og/eller andre vanskelegstilte som bur i Fjell kommune. Enkelpersonar, familiar, organisasjon eller institusjoner kan søkje om støtte.

Med uttrykket "eldre og andre vanskelegstilte" meiner vi personar som treng hjelp på grunn av dårleg økonomi, nedsett fysisk/kognitiv funksjonsevne, helsemessige og/eller sosiale problem.

§2. STYRET

Stiftelsen skal ha eit styre på fem medlemar og to varamedlemar. Styret skal vera samansett slik:

Leiar, nestleiar, sekretær og kasserar.

Alle i styret, medlemar og varamedlemar, blir velt for 4 år om gongen.

Styret er sjølvsupplerande og konstituerer seg sjølv.

Styret er vedtaksfør når minimum 3 styremedlemar er til stades.

Leiaren i Helselaget har rett til å vera med på møte. Han har tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett.

§3. STYRET SINE OPPGÅVER OG ANSVAR

Styret er ansvarleg for stiftelsen sin økonomi. Dei skal forvalte formuen på beste måte slik det går fram av føremålet.

Styret har ansvar for å henta inn søknader om økonomisk støtte og vedtek kven som skal få tildelt støtte.

Styret fastset storleiken på den økonomiske støtte og kva tidspunkt den skal utbetalast.

Denne beløpet skal ikkje gå inn i driftsbudsjettet til den enkelte organisasjon eller institusjon, men gjevast direkte til målgruppa

§4. PROKURA

Styret kan gje prokura til at leiar si underteikning er bindande for stiftelsen.

§6. REKNESKAP - REVISOR

Rekneskapen skal følgja kalenderåret. Revisjon av rekneskapen vert utført av autorisert revisor.

§7. ENDRING AV VEDTEKTENE

Endring av desse vedtektene kan berre gjerast av eit einstemmig styre.

Føremålet med stiftelsen kan ikkje endrast utan kommunen sin godkjenning.

Ved oppløysing, der stiftelsen har meir kapital etter at kreditorane sine krav er dekka, skal dei resterande midlane nyttast i samsvar med stiftelsen sitt føremål eller eit beslekta føremål. (Paragraf 47, andre ledd.)

§8. GRUNNKAPITAL

Stiftelsen sin grunnkapital er fastsett til kr.36.000.

VEDTEKTER
for
Stiftelsen Eldrebustadane i Møvik


Oppretta 19.12.1970 av Fjell Helselag

Vedteke på årsmøte i helselaget 28.02.1989
Med endring av 22.03.2001, 19.6.2002 og 06.03.2008
Vedtektsendring gjort av styret i stiftelsen i styremøte 27.04. 2010
Vedtektsendring gjort av styret i styremøtet av 26.01.15

VEDTEKTER MED NAMN ENDRING

Stiftelsen hjelp til vanskeligstilte


Vedtektsendring gjort av styret i styremøte av 07.09.15



Oddmund Rø
Leiar



Agnar Våge
Nestleiar/sekretær



Jan Gunnar Møvik
styremedlem